



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ove Sæbø

Arkivreferanse: 2026/1-178

Høyringsuttale - endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt

Saksnr.	Organ, utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	
	Ungdomsrådet	
	Eldrerådet	
	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	
	Utvalet for oppvekst, helse og omsorg	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune gjev følgande høyringsuttale til føreslåtte endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt:

1. For Samnanger kommune sin del vil hovudverknaden av framlegget vere at kommunen blir del av eit større og meir regionalt politidistrikt. Dette kan gi større fagmiljø og meir fleksibel ressursbruk, men med tydeleg risiko for svekka lokal nærleik og tilgjenge for innbyggjarane.

Kommunen vil særleg peike på følgjande moglege ulemper:

- Det auka geografiske spennet i Voss politistasjonsdistrikt kan svekkje lokal forankring og kjennskap til Samnanger.
- Innbyggjarane kan oppleve eit mindre synleg og fast politi-nærvær i kvardagen.
- Lokal tilgjenge og publikumskontakt kan bli svekte, noko politiet sjølv peikar på som ei sårbarheit i det nye distriktet.
- Førebyggjande arbeid overfor barn og unge kan bli meir sårbart når ressursane skal dekke eit større og meir samansett område.

- Samhandling mellom kommunen og politiet kan bli meir krevjande dersom kontaktflatene blir mindre faste og meir regionalt organiserte.
 - Det er risiko for at ressursar i større grad blir styrte mot område med høgare oppdragsmengd, noko som kan utfordre det langsiktige, førebyggjande arbeidet i mindre kommunar som Samnanger.
2. Samnanger kommune er bekymra for at politistasjonen i Fusa blir gjort om til ein tilpassa stasjon. Det er uklart for kommunen kva dette konkret vil innebære av konsekvensar og utvikling over tid. Dersom stasjonen i praksis berre blir eit lokale for planlagde møte og samtalar er dette noko heilt anna enn ein ordinær politistasjon med fast oppmøte for patruljar, fast bemanning og breitt tenestetilbod. Kommunen fryktar at ein tilpassa stasjon lett kan bli ein salderingspost utan reelt nærvær, og opplever dette som eit steg i retning avvikling av Fusa-kontoret. Frå tidlegare er allereie politistasjonen i Samnanger saldert vekk. Erfaringane med politikontoret i Vaksdal, og utfordringar med å bemanne for å halde opningstider, gjer denne bekymringa reell.

Endringa reiser òg spørsmålet om det er føremålstenleg at Samnanger høyrer til Voss politistasjonsdistrikt, eller om kommunen heller burde knytast til ein av stasjonane i Bergensområdet. Ein tilknytning mot Bergen kan gi kortare responstid, medan kriminalitetsbiletet og prioriteringane vil vere annleis, og Samnanger kan risikere å bli ein «utkant» i eit stort og pressa område. Dette opnar for å vurdere om det bør opprettast eigen politistasjon i Samnanger kommune – på Bjørkheim.

Kommunen er særleg oppteken av ressursar til førebygging, synleg politi og kort aksjonstid ved alvorlege hendingar. Samnanger kommune er uroa for at eit større og meir langstrekt politistasjonsdistrikt vil gi lengre responstid og svakare tilgjenge, fordi patruljar og førebyggjande ressursar blir strekte tynt utover og i større grad prioriterte til område med høgare folketal og oppdragsmengd. I dag er responskravet til mellom anna Bjørkheim og Tysse 30 minutt. Dersom patruljar er bundne opp langt unna, til dømes på Halne/Hardangervidda, vil det kunne svekkje moglegheita for rask hjelp til Samnanger ved oppdrag som ikkje blir vurderte som dei mest kritiske, sjølv om dei *mest* prekære oppdraga truleg vil kunne avhjelpast frå Bergen.

3. Samnanger kommune oppfattar at dei skisserte endringane er første steg i ein lengre prosess, og at dette for kommunen inneber ei oppleving av uvisse. Politimeisteren viser til at *«dette er byrjinga på ein prosess»*. I det vidare arbeidet vil kommunen særleg peike på desse behova:
- Samnanger kommune (Bjørkheim) bør inngå som fast stoppestad for pass-bussen.
 - Det etablerte samarbeidet mellom kommunen, politikontakt og politistasjonssjef må oppretthaldast og styrkjast, og formaliserast gjennom skriftlege avtalar.

- Samnanger kommune meiner i tillegg at:

- Kommunen ber difor om at Vest politidistrikt:

- ## Politisk handsaming

Saka skal til uttale i:

- utvalet for oppvekst, helse og omsorg
- ungdomsrådet
- eldrerådet
- rådet for personar med funksjonsnedsettelse

Oppsummering

Saksframlegget gjeld Samnanger kommune si høyringsuttale til føreslåtte endringar i organiseringa av dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt, der kommunen blir lagt inn i eit større Voss politistasjonsdistrikt.

Rådmannen peikar på at dette kan gi større fagmiljø og meir fleksibel ressursbruk, men òg auka risiko for svekka lokal nærleik, tilgjenge og førebyggjande arbeid. Kommunen er spesielt uroa for at Fusa politistasjon blir gjort om til ein «tilpassa politistasjon», som kan innebere mindre reelt politinærvær og i praksis bli eit steg mot avvikling. Samnanger peikar på at ein stor og langstrekt politistasjonsstruktur, kombinert med at både legevakt og ambulanse ligg utanfor kommunen, kan gi lengre responstid og lågare prioritet for oppdrag som ikkje er dei mest kritiske.

Rådmannen meiner difor at det bør vurderast å opprette politistasjon på Bjørkheim, som er eit regionalt trafikknutepunkt og frå før har få andre beredskapstenester.

Kommunen ber òg om at Samnanger (Bjørkheim) blir fast stoppestad for passbussen, og at samarbeidet med politikontakt og politistasjonssjef blir formalisert og styrkt. Vidare ønskjer kommunen føreseielege avtalar om førebyggjande politiinnsats retta mot barn og unge, og konkretisering av korleis tilpassa politistasjon og mobile møteplassar faktisk skal fungere i Samnanger.

Konklusjonen er at fordelane med ny struktur ikkje veg opp for risikoen utan ekstra tiltak, og at politidistriktet bør utreie Bjørkheim som politistasjon og sikre tydelege rammer for lokalt politinærvær og beredskap.

Saksopplysningar

Bakgrunn for saka

Politimeisteren i Vest politidistrikt sendte 22.05.26 ut høyringsbrev til rørte kommunar om endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i distriktet. Høyringsfristen er sett til 01.10.26.

Politidistriktet ber særleg om kommunane sine vurderingar innan tre område:

1. Generelle vurderingar av den samla tilrådinga og endringane som er føreslått
2. Spesifikke synspunkt på endringar og avbøtande tiltak knytt til sårbarheiter som rører den einskilte kommunen
3. Innspel til vidare samarbeid mellom kommune og politi for å sikre gode, tilgjengelege og førebyggjande polititenester for alle innbyggjarar innanfor gjeldande rammer

Kort oppsummering av høyringsbrevet (sjå vedlegg for utfyllande tekst):

Bakgrunn

Vest politidistrikt meiner framtidige utfordringar som endra tryggleikssituasjon, meir komplekst kriminalitetsbilette, klimaendringar, teknologisk utvikling og demografiske endringar krev at politiet organiserer seg annleis. Samstundes er ressursane knappe, og politiet må bruke dei meir effektivt. Politidistriktet har derfor vurdert organisering, samarbeid, eigedomar, utstyr, vakt- og beredskapsordningar og arbeidsmåtar for å sikre best mogleg polititenester innanfor tilgjengelege rammer. Vest politidistrikt omfattar 38 kommunar med store avstandar, varierende oppdragsmengd og krevjande geografi. Målet er å kombinere god lokal tilgjenge, førebygging og beredskap med meir effektiv ressursbruk.

Tema for høyringa

Vest politidistrikt foreslår endringar for å bruke ressursane betre, styrkje fagmiljøa, betre rekrutteringa og sikre lokal nærleik, førebygging og tryggleik. Det blir foreslått å redusere talet på politistasjonsdistrikt frå 14 til 9, gjere sju politistasjonar om til tilpassa politistasjonar, fase ut fire politistasjonar og halde fram med tre geografiske driftseiningar inntil vidare. Eit viktig grep er å forstå politinærvær på nye måtar, med mindre vekt på faste bygg og meir bruk av digitale møtepunkt, tilpassa politistasjonar og mobile møteplassar.

Kommunespesifikk utgreiing

Det blir foreslått organisatoriske endringar i Hordalandsregionen, mellom anna ved å slå saman fleire politistasjonsdistrikt til nye større distrikt i Stor-Bergen, Voss og Hardanger. Nokre kommunar blir overførte til nye distrikt, og enkelte politistasjonar blir fasa ut eller endra. Endringane vil påverke fleire kommunar i Voss- og Hardanger-regionen, mellom anna Samnanger. I utgreiinga blir det gjort greie for dei føreslåtte endringane, vurderte sårbarheiter og aktuelle risikoreduserande tiltak.

Endringar som rører ved dei ulike kommunane

Det blir foreslått å slå saman Voss, Kvam, Samnanger og Tysnes til eitt nytt Voss politistasjonsdistrikt. Distriktet skal også omfatte Vik, medan Vaksdal politistasjon blir fasa ut. Voss, Vik og Kvam blir ordinære politistasjonar, medan Tysnes og Fusa blir tilpassa politistasjonar. Distriktet får felles leiing og felles prioriteringar innan geografisk driftseining Hordaland. Vidare blir Hardanger og Kvinnherad slått saman til eitt Hardanger politistasjonsdistrikt med felles leiing og prioriteringar. Samtidig skal dei funksjonelle driftseiningane framleis sikre spesialistkompetanse og rask behandling av alvorlege og komplekse saker i heile distriktet.

Risiko- og sårbarheitsvurdering

Politidistriktet har vurdert risiko knytt til responstid og beredskap, lokal tilgjenge, førebyggjande arbeid og samhandling med kommunane. Med dei føreslåtte

risikoreduserande tiltaka meiner politiet at restrisikoen er akseptabel. For Voss politistasjonsdistrikt peikar politiet på sårbarheiter knytte til stor geografi, lange avstandar, sesongvariasjonar, spreidd busetnad og risiko for svekka lokal tilgjenge, førebygging og samhandling. Desse forholda må møtast med eigne tiltak. For Hardanger politistasjonsdistrikt meiner politiet at samanslåinga ikkje vil gi nye vesentlege sårbarheiter innan responstid, lokal tilgjenge, førebyggjande arbeid eller samhandling.

Risikoreduserande tiltak

For å redusere sårbarheitene foreslår politiet å vidareføre tilpassa politistasjonar i Fusa og Tysnes, med lokale kontaktpunkt, førebyggjande funksjon og mogleg støtte for patruljar ved behov. Desse skal gi lokal tilgjenge, men vil ikkje vere fullverdige politistasjonar med fast bemanning og breitt tenestetilbod. Vidare blir det foreslått mobile møteplassar og målretta patruljering, særleg i ytre område og i Vaksdal der politistasjonen blir fasa ut. Politiet legg også opp til å halde oppe samarbeid om førebygging og lokal beredskap gjennom politikontakt, patruljar og lokale møtepunkt. Samla meiner politiet at desse tiltaka skal sikre framleis tilgjengelege og relevante polititenester i området.

Vidare samarbeid mellom kommune og politi

Politidistriktet ønskjer tettare samarbeid med kommunane om førebygging, tidleg innsats, beredskap, bruk av kommunale lokale og mobile løysingar. Kommunane blir bedne om å gi innspel til korleis samarbeid, SLT-arbeid (samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid), politikontakt og politiråd kan vidareutviklast, og kva tenester som bør knytast til tilpassa politistasjonar og mobile møteplassar. Politiet presiserer at dette er starten på ein vidare prosess, der høyringsinnspel frå kommunane skal vurderast før saka går vidare til vidare handsaming.

Vurderingar og konsekvensar

Rådmannen tek utgangspunkt i dei tre vurderingsområda som politidistriktet ber om innspel til.

1. Generelle vurderingar av den samla tilrådinga og endringane som er føreslått

For Samnanger kommune sin del ser hovudverknaden ut til å vere at kommunen blir del av ein større og meir regional politistruktur, med mogleg gevinst i form av større fagmiljø og meir fleksibel ressursbruk, men òg med ein klar risiko for mindre lokal nærleik ved reduksjon til tilpassa politistasjon i Bjørnafjorden/Eikelandsosen, svakare publikumskontakt og meir sårbar samhandling og førebygging.

Kommunen vil peike på moglege ulemper som:

- Auka geografisk spenn i distriktet kan svekkje den lokale forankringa.

Bjørkheim som mellom anna eit sentralt trafikknutepunkt i regionen bør vurderast med omsyn til politistasjonsstruktur framover.

- Det kan bli mindre synleg og fast politi-nærvær for innbyggjarane.
- Samnanger kan oppleve svakare lokal tilgjenge og publikumskontakt, noko politiet sjølv peikar på som ei sårbarheit.
- Førebyggjande arbeid overfor barn og unge kan bli meir sårbart i eit større og meir samansett distrikt.
- Samhandlinga mellom kommune og politi kan bli meir krevjande dersom kontaktflatene blir mindre faste eller meir regionale.
- Risikoen er at ressursar i større grad blir styrte mot område med høgare oppdragsmengd. Det vil kunne utfordre det førebyggjande arbeidet.

2. Spesifikke synspunkt på endringar og avbøtande tiltak knytt til sårbarheiter som rører den einskilde kommunen

Samnanger kommune er bekymra for at stasjonen i Fusa vert endra til å verte ein *tilpassa stasjon*. Det er uklart for kommunen kva dette faktisk betyr med omsyn til funksjon. Dersom dette berre vert eit kontor som kan nyttast når politiet skal ha ein planlagt samtale med publikum eller liknande, vil det vere ein heilt annan funksjon enn at politistasjonen ein ordinær fullverdig politistasjon med fast oppmøte for patruljar, fast bemanning, eit breiare tenestetilbod m.m. Dette vil svekke Samnanger kommune si oppleving av nærpolti både knytt til førebyggjande arbeid og beredskap. Det er difor relevant å be om at det vert vurdert å opprette politistasjon på Bjørkheim i Samnanger. Dette bør knyttast til at tettstaden er eit trafikalt knutepunkt, samt at det bør sjåast i samanheng med fråver av andre beredskapstenester som ambulanse og legevakt.

Samnanger kommune si forståing er at det over tid har vore krevjande for polititenestefolk å kunne vere til stades fullt ut slik publikum forventar. Då vil ein tilpassa stasjon verte salderingspost kor det i liten grad vil vere politi til stades, noko som kan oppfattast som styrt avvikling. Her viser me til utfordringar med t.d. politikontoret i Vaksdal kommune med omsyn til å bemanne for å sikre opningstider. Kommunen ser reduksjon til tilpassa politistasjon som eit langt steg i retning avvikling av Fusa-kontoret. Dersom ein ikkje ser dette i samanheng med Samnanger/Bjørkheim, så styrker dette ytterlegare Samnanger kommune si bekymring.

Endringane som no vert føreslått frå politimeisteren reiser også ein diskusjon om det er føremålstenleg for Samnanger om å høyre til det som kanskje skal verte Voss politistasjonsdistrikt, eller om det er meir føremålstenleg å høyre til ein av Bergens-stasjonane. Det vil vere fordeler og ulemper også med det. I første rekke vil responstid kunne reduserast, medan kriminalitetsbiletet er vesentleg annleis. Samnanger kan også oppleve redusert prioritet ved å verete ein «utkant». Det bør som nemnt over difor vere vesentleg å vurdere Bjørkheim i Samnanger kommune som lokalisering for framtidig politistasjon.

Kommunen er mest opptatt av ressursar knytt til førebygging, synlegheit, og ikkje minst kort aksjonstid ved alvorlege hendingar. I det biletet er det stor bekymring for at responstid vil verte utfordra ved at politistasjonsdistriktet vert større – og patruljar/førebyggjande ressursar vert strekte tynt utover med prioritering mot område med større folketal/oppdragsmengde. I dag er responskravet til Bjørkheim, Tysse m.m. 30 minuttar. Dersom politipatruljar er bundne opp t.d. på Halne (Hardangervidda), vil det kunne redusere moglegheitane for hjelp i Samnanger på dei oppdraga som ikkje står heilt øvst på lista over responsbehov. Andre meir prekære oppdrag vil nok kunne avhjelpast frå Bergen.

3. Innspel til vidare samarbeid mellom kommune og politi for å sikre gode, tilgjengelege og førebyggjande polititenester for alle innbyggjarar innanfor gjeldande rammer.

Samnanger kommune oppfattar at endringane som no vert skildra er eit første steg mot noko som for oss kan opplevast som uvisse. Politimeisteren viser til at «....dette er byrjinga på ein prosess». Kommunen vil peike på følgjande som viktige innsatsområde framover (tilfeldig rekkefølge):

- Det er ønskjeleg at Samnanger kommune vert sett på lista over faste besøkspunkt for *passbussen*.
- Det er avgjerande at samarbeidet som kommunen har etablert saman med politikontakt og politistasjonssjef vert oppretthalde og styrka. Dette må avtalafestast.
- Kommunen vil styrke førebyggjande arbeid knytt til barn og unge. Det tyder at me må ha føreseielege vilkår og avtalar (besøk/oppmøte) knytt til skulane og ungdomsklubben/fritidsmiljø.
- Det er viktig at tilpassa politistasjon og mobile møteplassar må konkretiserast med omsyn til omfang og faste rammer som skal gjelde for Samnanger. Dersom dette ikkje skjer vil det kunne føre til at innbyggjarane i Samnanger opplever reell nedgang i tilgjenge og nærpoliti.
 - Mobile møteplassar må særleg konkretiserast for å unngå symbolsk nærvær.
- Det bør vurderast oppretting av politistasjon på Bjørkeheim i Samnanger kommune. Spesielt med tanke på å oppretthalde tillit mellom innbyggjarane og politiet. Ein bør sjå dette i samanheng med at det ikkje er ambulanse i kommunen, og at legevakttenesta ligg i Bjørnafjorden (Eikelandssosen). Å styrke politinærværet i Samnanger/Bjørkheim ville tatt ned noko av opplevinga av at beredskapstenestene forsvinn litt etter litt frå kommunen. I tillegg er Bjørkheim er sentralt og aukande trafikknutepunkt i regionen.
- Ved å argumentere utelukkande for effektivisering kan kommunen oppleve at førebygging og aksjonsretta teneste blir meir «minimumsorientert» enn tidlegare. Kommunen ber om at dette vert motverka ved å konkretisere og tydeleggjere korleis nærvær og relasjonsbygging ikkje vert svekka.

Konklusjon og rådmannen si tilråding

Rådmannen vurderer at framlegget om ny organisasjonsstruktur kan gi større fagmiljø og meir fleksibel ressursbruk, men at det samstundes inneber ein tydeleg risiko for svekka lokal nærleik, tilgjenge og førebyggjande arbeid i Samnanger. Særleg uro knyter seg til at Fusa vert tilpassa politistasjon, med fare for redusert reelt nærvær og lengre responstid i eit stort og langstrekt Voss politistasjonsdistrikt.

Rådmannen tilrår at Politidistriktet vurderer om det kan vere føremålstenleg at Samnanger får eigen politistasjon plassert på Bjørkheim, og at konsekvensane for responstid og prioritering blir nærare utgreidde.

Vidare tilrår rådmannen at Samnanger blir fast stoppestad for passbussen, at samarbeidet med politikontakt og politistasjonssjef blir formalisert, og at det blir inngått føreseielege avtalar om førebyggjande politiinnsats overfor barn og unge. Innhald og omfang av tilpassa politistasjon og mobile møteplassar må konkretiserast spesielt for Samnanger, slik at lokalt nærvær, relasjonsbygging og beredskap ikkje blir redusert.

Kunstig intelligens (KI) er brukt som støtte i utarbeidinga av saksframlegget. Bruken av KI er gjort i samsvar med kommunen sine gjeldande retningslinjer. Heile innhaldet i saksframlegget er gjennomgått og kvalitetssikra av sakshandsamar.

Vedlegg

- 1 Høyringsbrev - endringar i organisasjonsstrukturen for dei geografiske driftseiningane i Vest politidistrikt.pdf
- 2 17042026 Innstilling til strukturendringar i Vest politidistrikt.pdf